



NVE - Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Referanser:

Dykkar:
Vår: 14/25 - 14/6212

Saksbehandlar:

Sveinung Klyve
sveinung.klyve@vaksdal.kommune.no

Dato:

03.11.2014

MELDING OM VEDTAK - UTTALE TIL SØKNAD OM OVERFØRING AV VAKSDALVASSDRAGET

Kommunestyret - Sak 59/2014:

Det er gjort slikt vedtak i saka:

Vaksdal kommune rår frå å gje konsesjon til BKK om overføring av vatn frå Flatavatnet, Klenavatnet og Smørstjørna til Herfangen. Sjølv om prosjektet er sterkt modifisert i høve tidlegare planar og har færre negative konsekvensar ved seg - fører det til noko mindre vassføring mot Vaksdal og vesentleg lågare vasstand i Flatavatnet og Vardatjørnane. Området er mykje nytta som tur- og rekreasjonsområde både for lokalbefolkninga og Bergen Turlag.

BKK-prosjektet medfører at fleire av dei gamle dammane i området vert sanerte. Dei er frå slutten av 1800-talet og er laga av naturstein og torv og er tilpassa landskapet på ein estetisk måte. Sjølv om dei ikkje formelt er verna, er dei å rekna som viktige kulturminne, som syner kraftproduksjon i pionertida.

Rett utskrift:

Sølvi Legård
Politisk sekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto

Org.nr. 961 821 967



VAKSDAL KOMMUNE

Mottakarar:

NVE - Konsesjonsavdelinga